

Julebrev frå Austevoll Idrettsklubb



2021 er snart over, og me gler oss til å ta fatt på idrettsåret 2022. Året starta med Koronarestriksjonar som ei fortsetjing på 2020. Det har vore mange utfordringar med koronarestriksjonane, ikkje alltid har det vore like lett å forstå dei. Medan treningsentra kunne ha ope, fekk for eksempel ikkje våre turndamer trene sjølv om dei berre var 11 stk. på 100 kvm.

Det var mange medlemmer som meldte seg ut av klubben i vår då kontingenten kom, og dei mangla treningstilbod. Heldigvis har me fått ein god del attende i haust, og me satsar på å ha 750 medlemmer i løpet av 2022.

Anlegg- *Det har vore arbeidsaktivitet på anlegget vårt i år og. I 2016 oppgraderte kommunen løpebane og fotballbane. Dessverre blei ikkje dette arbeidet gjort skikkeleg, så ein del måtte takast på nytt igjen. Dette arbeidet blei starta i sommar, og me tenkte å ha opning av friidrettsbana i slutten av september. Dessverre kom me ikkje i mål før haustregnet kom, og arbeidarane måtte reise heimatt. For å leggja nytt dekke er ein avhengig av opplett ver, og øk temperatur. Målet er å vera ferdig til påska 2022.*

Me saknar enno eit lager i Austevollhallen, lagerkapasiteten var sprengt for mange år sidan. Dette har me hatt på «ønskelista» vår i mange år no, og me håper det blir ein realitet i 2022/23.

Ei gruppe på tvers av klubbane i Austevoll, jobbar med å få ein storhall over fotballbane to. Her håper me at me får til mange ulike aktivitetar, og hallen skal bli eit samlingspunkt for alle i kommunen vår.

Austevoll Kommune jobbar med eit spanande prosjekt på området rundt skulen. Her skal ein sjå heilheit i skule og anlegg, me trur dette skal bli bra. I klubben er me oppteken av at infrastrukturen blir betre. Me manglar ein skikkeleg veg til Austevollhallen, ingen av dei me har er gode nok. Me ser og at meir parkering er eit behov når ein bygger nye og flotte anlegg, då busstilbodet i kommunen ikkje er godt nok.

Klubben har i dag 4 tilsette. Annette Horne Tøkje har ei 30% stilling i symjegruppa, Anders Tøsse har 30% stilling i klubben som administrativ leiar, og ei 5% stilling i FFO. Trond Fredrik Ludvigsen jobbar i 70% stilling + ei stilling som A lags trenar. Han jobbar som sportsleg leiar, med fotballfritidsordninga, og storhallen.

Anne B Drønen jobbar i 100% i klubben, noko ho har gjort sidan 2004. Ho har ansvar for dei andre gruppene, hovudlaget og hallen.

I tillegg har ho ansvar for alle lågterskeltilboda slik som open hall og idrettskulen. Symjing og fotball har nokre ungdommar som trenarar.

Morten Mortvedt sa heldigvis ja til å vera leiar i 2021 og, dette er me veldig glade for. Han gjer ein god jobb for klubben vår, og me håpar han blir med vidare i 2022.

Me hadde ca. 600 medlemmer våren 2021, mot 750 tidlegare. No er medlemstalet på veg opp igjen, og me har i desember 704 medlemmer.

AJK driftar Austevollhallen for Austevoll kommune. Me har ansvar for tildelingar, drift og utleige.

Arrangement- AIK har ein del arrangement i løpet av året m.a. Open hall, Tine Fotballskule, Austevollsprinten, Austevolleikane. I år blei symjestemnet og Julecupen avlyst grunna korona.

Austevollmeisterskapet i friidrett blei avlyst pga. rehabilitering av anlegg. Austevollløpet blei heller ikkje gjennomført dette året.



Badminton er framleis eit populært tilbod i AIK. Dette synst styret i badmintongruppa er veldig gledeleg. I gruppa er det 50 born og vaksne.

Dette året har det stort sett berre vore trening. No på slutten av året fekk ein delta på nokre stemmer. Dessverre ser det ut som Koronatiltakene held fram, slik at det blir stramma inn igjen.

Gruppa ynskjer alle saman ei smashing jul 😊

Fríídrettsgrúppa har í ár vore ei líta grúppe som har hatt treningstílbod. Dei har og konkurrert lítt når det ble lov tíl dette.

Våren 2021 hadde me Landslaget's fríídrettskule, der ca. 50 born deltok. Me hadde Austevoll'sleíkane som avslutning på leíkane. Stemnet blei populært etter mange månader med nedstengjng.

Ídrettskule- er eit tílbod me har hatt í heile 2021, men med redusert tal våren 2021. Í haust har det vore med 33 born frá 1-4 k'lasse. Her prøver me å vera innom dei ulíke ídrettane me har í k'lubben vår, pluss smakebitar frá andre kjekke ídrettar. Dette tílbodet er frá 1-4 k'lasse í heile kommunen vår.

Trenarar er Hanne Haugland og Anne B Drønen

Barnetrím - Í haust kunne endeleg barnetrímme opna. Dette er eit tílbod for born 0-6 ár, som kan boltra seg í hallen kvar tysdag. Í haust fekk me over 50 barn attende på aktivíteten.

Ansvarleg for denne aktivíteten er Veroníka Haugland, Malín Østervold, Chrístoffer Haugland, Hanne Haugland Østervold og Anne B Drønen

Open hall er eit tílbod som er blitt veldig populært. Dette er eit tílbod om å opna hallen í helgane for aktivítet í vnterhalvåret. Mange store og små tek turen tíl Austevollhallen for å klatra, bowla, eller hoppa på den store madrassa. Dette tílbodet har og vore lítt redusert grunna koronarestríksjonar, men me har klart å ha ope ein del helger líkevel.

Skøyter- har dessverre lagt brak'k og í 2021.

Klatregrúppa held tíl í Austevollhallen. Dei har ei aktiv ungdomsgrúppe, og ei aukande barnegrúppe. Grúppa satsar på å ha klatrekurs í byrjngja av 2022.

Turn - dametrimmen har i 10-årsvis hatt trening i speglsalen på torsdagar frå kl 1900-2000, slik har det og vore i 2021.

Aud og Kari, Svanhild og Svanhild, Hilde og Sønnev, Laila , Ingegjerd, Helene, Liv, Eli og Helga kunne nesten ikkje vente til det vart lov å trene i sal etter at Koronaen slapp litt taket.

Trim gjer underverk med alle og det vert viktigare etter eldre ein blir. Me veit at trening er med på å halde unge og gamle spreke og glade, slik at ein er klar til å ta tak kvar dag og helg, så tida i speglsalen er viktig for denne gruppa.

Det er ikkje plass til så mange i speglsalen når ein skal drive med aerobic, men 15 stk går fint, så nye rekruttar er velkomne - både trenarar og trimmarar.

Volleyballgruppa har hatt eit damelag og eit ungdomslag for jenter i trening.

Pga. av covid-19, så har ikkje damelaget fått moglegheit å trene slik dei ønskjer. Marie Dævøy er framleis primus motor for damevolleyball, og ho gjer ein god jobb her.

Volleyballgruppa hadde eit jentelag (J 15) som ei treningsgruppe fram til sommaren. Her var Morten Mortvedt og Torbjørn Karlsen trenarar. Då mange flytta vekk for å gå på skule, klarte ein ikkje å oppretthalda dette tilbodet haust 2021.

Volleyballgruppa var heldig i år, då me fekk støtte frå Sparebanken Vest og idrettsmidlar frå Austevoll Kommune til ei ballkanon. Denne er utruleg kjekk, og det skal bli mykje gøy med den framover.

Symjning - Året 2021 starta med at all trening blei stengt ned i 2 veker grunna koronaviruset. Heldigvis fekk vi starta opp igjen etter desse vekene og me har etter dette hatt tilgong på bassenget igjennom heile året.

I mars hadde me 6 symjarar som var kvalifisert for LÅMØ, men LÅMØ blei utsett til september grunna smittefaren. Symjegruppa brukte denne utsetjinga godt og klarte å få kvalifisert heile 8 jenter til LÅMØ, deriblant ein ny ung symjar, nemleg Ingvild Sandtorv (11 år).

I frå oktober 2020 fram til juni 2021 har det ikkje vore mogeleg å delta på stemner korkje på uapproberte eller approberte. Mange symjarar, spesielt i konkurransegruppene, har slitt med motivasjonen når dei ikkje kunne delta i konkurransar. Det har ÷iverre ført til et fråfall av symjarar. Dette er me veldig lei oss for, men symjegruppa har no ei yngre gruppe som har overteke, og denne er både stor og sterk. Vi er veldig glade for den nye rekrutteringa.

Det har ÷essverre ikkje blitt arrangert så mange uapproberte stemner, så på ÷isse har ikkje symjegruppa fått delteke i år. Me håper på at dette vil endre seg til neste år.

På den approberte delen derimot har me fått delteke på mange sidan juni 2021 og ut året. Her har symjegruppa frå Austevoll verkeleg utmerka seg, og teke mange nye historiske bragder.

Som tidlegare nemnt var det heile 8 jenter som kvalifiserte seg til LÅMØ, noko som er historisk for Austevoll. Vidare var det 3 jenter som kvalifiserte seg til ÅM (årsmesteklasseskap). Mia Sørvik (14 år), Thea Våge (15 år) og Klara Nilsen (14 år), som ÷å er blant dei 30 beste i sin årsklasse i HEILE Norge! Og som om det ikkje var nok, kvalifiserte heile 4 jenter seg til Nordsjøstemnet, eit stemne med høge, internasjonale krav, ÷esse var Thea Våge, Mia Sørvik, Klara Nilsen og Silvia Hufthammer (14 år).

Og no heilt på tampen av 2021, har Klara Nilsen kvalifisert seg til UM (ungdommens norgesmeisterskap) på ÷istansen 100 meter rygg! Det er ingen tvil no om at symjegruppa held eit veldig høgt nivå, mykje takka vere ÷edikerte trenarar som Odd Ivar og Anna Nilsen.

Symjegruppa har hatt 31 symjeinstruktørar og trenarar i vår, medan ved oppstart i haust endte vi på 37 stykk. Vi ønskjer å takke alle våre dyktige instruktørar og trenarar, som har lagt ned betydeleg innsats for å sørge for at undervisninga går mest mogeleg som normalt, samtidig som dei passar på at smittevernet er på plass.

Gruppa har hatt både livredningskurs og trenarkurs i Austevollbadet. Linn Benedicte Våge er leiar i symjegruppa og Annette H Tøkje jobbar som administrativ leiar, medan Geir Johannessen og Cathrine Nøttveit er med i styret. Alf Helge Møgster trakk seg ut av styret i haust, men er framleis instruktør og med oss ÷er. Styret i symjegruppa ønskjer å takke Alf Helge for den enorme jobben han har lagt ned og gjort i alle ÷esse åra sidan han starta opp gruppa saman med Mette Storebø i 2010.

Året 2021 blei som i fjor, veldig annleis enn tidlegare år, men vi ser at ting så smått begynner å falle på plass. Håpet er at alt er tilbake til normalen i 2022



***Fotball** -Me håpa i det lengste at det skulle bli ein normal fotballsesong, men forsto ganske tidleg at det kom til å bli vanskeleg.*

Uansett så sette ikkje covid-19 dei største stoppene for treningsaktivitet, og det var stor aktivitet på anlegget, i alle fall for dei aldersbestemte klassane.

Det var avgrensa trening for a-lag og dei over 20 år.

På vårsesongen fekk ungdomsfotballen endeleg delta i «serie», dei fleste laga fekk med seg tre kampar, og det var veldig kjekt med kampaktivitet igjen.

Ausevollserien for barnefotballen blei arrangert i juni, for å gje eit tilbod til dei som ikkje var i serie, og for dei som skulle på cupar som hadde blitt avlyst.

Hier såg me endeleg eit lys i tunellen, og no var det igjen full aktivitet.

Det blei ikkje arrangert dei store nasjonale cupane, og lokale storcupane i sommar.

I haust har det meir eller mindre vore ein normal sesong, men med avgrensa lag i fleire avdelingar.

A-laget endte til slutt som nr 4 av 6 i 4.divisjon, og laget slo skikkeleg frå seg i fleire av kampane.

B-laget har spela i 6.div, og endte der som nr 6 av 9.

Det har vore 8 ungdomslag påmeldt i serien, og i barnefotballen har me hatt serietilbod til 6 lag, og 9 lag har hatt trening og cup tilbod.

Austevollfotballen har verkeleg slått frå seg og gjort seg merka i lokalfotballen med fleire sterke resultat i både serie og cup.

Ein fantastisk innsats er lagt til grunn både på og utanfor banen.

Stjernelaget har og hatt aktivitet i haust og har delteke på cup.

Med mindre kapasitet grunna rehabilitering av hovudbanen, så har dei aller fleste lag fått et godt tilbod.

Takk til HIL og SIL for god hjelp i organisering av både trening og kamp.

Fotballfritidsordninga Telenor Xtra er blitt en suksess, og det er i vinter over 50 deltakarar her. Her har Trond Fredrik Ludvigsen og hans assistentar gjort ein formidabel jobb.

Me er utruleg takknemlege for at me har så mange flinke trenarar som brukar uteljelege timar av fritida si på anlegga våre saman med born og unge i klubben.

De sprer fotballglede og er ein viktig del av samfunnsengasjementet i Austevoll. Tusen takk for innsatsen.

Me går for Stolthet og Glede og eit normalt fotballår i 2022.

Austevoll Idrettsklubb vil med dette takka for all støtta me har fått hos våre sponsorar både i form av pengar, gaver, anlegg og utstyr. Utan hjelp frå dykk kan me ikkje driva klubben vår slik me gjer i dag

Me vil og takka alle frivillige i klubben, som gjer ein fantastisk jobb for alle born og unge. Utan frivillige kunne me ikkje hatt alle tilboda me har i dag.

Me vil takka Sparebanken Vest, Hordaland fylkeskommune, SR- banken, Austevoll Kommune og Gjensidigestiftelsen for støtte til aktivitet og prosjekt i 2021/22.

Me vil takka dei 344 personane som har Austevoll IK som grasrotmottakar. Pengane blir brukt til fellesskapet for alle så som anlegg, utstyr osv.

Me vil takka Austevoll kommune for godt samarbeid på anlegg - saman blir me sterkare.

Me hadde håpa på eit koronafritt 2022, men akkurat no ser det ut som om me er i ein bylgjedal igjen.



God Jul og eit godt nyttår.

Austevoll Idrettsklubb